



Då det var sol og sommar kom mange, men også no er det bra besøk

Det skjer stadig meir i Gamleskulen.

I eitt års tid no har det vore ufomelle treff på torsdagane utan at det har vore nokon spesiell PR for dei, opplysar Berit Harriet Døssland. Men ho ser gjerne at det kjem fleire til desse treffa som går føre seg frå klokka 11 til 13.30 utan noko spesielt program. So langt har det møtt mellom 2 til 15.

- Ta med niste, så held vi kaffe og the, lovar Berit Harriet som også gjerne tek med strikkesøyet sjølv om dette ikkje er nokon strikkekafe. Andre på-sparket-innslag er også velkomne, men viktigast er det sosiale samveret.

Det vert presisert at dette ikkje er nokon filial av Cafe Tlaren som går sin gang med opning kvar tysdag frå klokka 11. Besøket har vore rimeleg bra i haust, dei flinke dugnadsdamene har selt for 1300 kroner i snitt på 10 opningsdagar og på 6 av dagane har det vore over 40 til stades. 65 er bestenoteringen når også ungane reknast med.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen